

Leiarar og tilsette i
sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen – oppfølging av fylkesrådmannen sitt vedtak av 22.10.2015

1. Organisatorisk rammeverk frå 01.04.2016


Med tilvising til fylkestinget sitt delegerings- og innstillingsreglement, gjennomførte allmøte, drøftingsmøte med tillitsvalde, samt orientering til fylkesutvalet 30.09.2015, gjorde fylkesrådmannen 22.10.2015 følgjande vedtak om endringar i sentraladministrasjonen:

1. Det vert etablert symmetri mellom politisk og administrativ organisering ved at:
 - a) Dagens næringsavdeling og dagens kulturavdeling vert slegne saman til ei ny nærings- og kulturavdeling (NKA). Den nye avdelinga vil bli leia av 1/ein fylkesdirektør, og vil få to assisterande fylkesdirektørar (éin på næring og éin på kultur). Dei som i dag sit i direktør- og ass. direktørstillingar ved dei respektive avdelingane vil bli innplasserte i den nye avdelinga.
 - b) Plan- og samfunnsavdelinga vil bli plassert i fylkesrådmannen sin stab og vil bli leia av ein plansjef. Den nærare organiseringa av dagens plan- og samfunnsavdeling vil bli vurdert i det vidare arbeidet, jf. pkt. 4 under.
2. Personalsjef og informasjonssjef, som no rapporterer direkte til fylkesrådmannen, vil med ny organisering rapportere til assisterande fylkesrådmann.
3. Innkjøpssjef, som no rapporterer til assisterande fylkesrådmann, vil med ny organisering rapportere til økonomisjefen.
4. Fylkesrådmannen kjem tilbake til meir detaljerte organisatoriske tilpassingar kring årsskiftet 2015/16.
5. Endringar nemnde i punkta over vil bli gjennomførde frå og med 1. april 2016.

Organisasjonsendring og -utvikling inneber etablering av nye samarbeids- og samhandlingsformer. Fylkesrådmannen har, etter at det organisatoriske rammeverket ovanfor vart fastlagt, utarbeidd ei nærare ansvars- og arbeidsdeling i sentraladministrasjonen, og vil i dette notatet kort synleggjere roller, ansvar og rapporteringslinjer.

Dette dannar utgangspunktet for vidare avklaringar kring fordeling av oppgåver og intern organisering i dei einskilde einingane framover våren.

Fylkesrådmannen sitt vedtak frå 22.10.15 er førebels teikna ut i følgjande organisasjonsskisse:



2. Roller og ansvar for stabs- og støtteiningane

Fylkesrådmannen legg følgjande roller og ansvar til stabs- og støtteiningane:

Økonomisjef

Det vil også frå 01.04.16 vere ein økonomistab lagt til fylkesrådmannen. Arbeidet vert leia av økonomisjefen som koordinerer arbeidet med, og utviklinga av, fylkeskommunen si samla finans- og økonomiforvaltning. Økonomisjef har også det overordna oppfølgingsansvaret for løn- og rekneskapstenesta. Innkjøpssjef vil i den nye organiseringa rapportere til økonomisjef, på same måte som løn- og rekneskapssjef.

Løn- og rekneskapssjef

Løn- og rekneskapssjef rapporterer til økonomisjef. Løn- og rekneskapsutgreiinga (LOR-utgreiinga) innanfor omstillingsprosjektet «SFJ 2019» vil kunne påverke utforminga av organisering og arbeidsdeling innanfor fagområdet. Fylkesrådmannen vil avklare dette nærare.

Innkjøpssjef

Innkjøpssjef rapporterer til økonomisjef, og har den overordna styringa i innkjøpsfaglege spørsmål i fylkeskommunen. Innkjøpssjef gjev faglege råd og vurderingar til fylkesrådmannen og samarbeidspartar i innkjøpsspørsmål. Ved større einskildkjøp (utstyrskjøp) og prosjekt vil innkjøps-sjef kunne rapportere direkte til den eininga innkjøpet gjeld.

Plansjef

Fylkesrådmannen knyter til seg plansjef i FRM-stab. Målet er å styrke samanhengen mellom strategisk planlegging og samfunnsutvikling, slik plan- og bygningslova legg føringar for. Plansjef får to sentrale fag-/ansvarsområde: «Strategisk planlegging og samfunnsutvikling» og «Planansvar for tematiske og geografisk avgrensa planar». Plansjef får gjennom dette ei noko meir strategisk orientert rolle. Rolla krev ei tydeleg intern samordning, då det vil vere avgjerande å trekkje på kompetanse frå heile organisasjonen. Strategisk planlegging og samfunnsutvikling inneber m.a.:

- a) Samfunnsanalyse og statistikk
- b) Regional planstrategi (lovpålagd plandokument)
- c) Samfunnsutvikling

Pkt. a) og b) inneber regionale analysar og statistikk, utforming av regional planstrategi, heilskaplege geografiske planar, rettleiing i høve til kommunalt planstrategiarbeid, verktøy for plan- og utviklingsarbeid (t.d. GIS og Fylkesatlas), interkommunalt planarbeid, tematiske og geografisk avgrensa planar eller regionale planar som ikkje naturleg høyrer heime i ei fagavdeling¹. I dette ligg ansvaret for å bidra med plan- og prosesskompetanse for heile organisasjonen, samt ut mot kommunane i samband med deira planstrategiarbeid. Fylkesdirektøren for næring og kultur har på si side ansvaret for den faglege rettleiinga og fråsegner i høve kommunal planlegging (kommunale detaljplanar), etter nærare avtale med plansjef og i tråd med lovverket knytt til uttalar overfor kommunale planar.

Samfunnsutviklarrolla (pkt. c) utover kommunalt retta planarbeid, inneber utviklingsprosjekt på tvers av sektorar og innanfor prioriterte samfunnsområde. Feltet kan også bidra til å utarbeide utviklingsprogram for geografiske område. Plansjef vil kunne initiere kunnskapsutvikling gjennom forskings- og utviklingsaktivitet. Andre delar av organisasjonen kan også initiere forskings- og utviklingsprosjekt, og FRM/plansjef vil kunne ha eit overordna samordningsansvar her.

Planansvar for tematiske eller geografisk avgrensa planar (døme):

- a) Regional plan for arealbruk
- b) Regional plan for kysten
- c) Regional plan for klima og miljø

Plansjefen nyttar utviklingsavtalar med organisasjonar etter behov i sitt plan- og utviklingsarbeid. Fylkeskommunen sine utviklingsavtalar med kommunane, regionråda, Distriktssenteret, HISF/VF, Helse Førde, NAV, Fylkesmannen m.m. ligg til plansjefen. Den administrative ressursen som PSA i dag nyttar til desse oppgåvene, skal ved organisasjonsendringa 01.04.2016 følgje plansjefen til fylkesrådmannen sin stab. 01.01.2017 blir denne administrative ressursen overført til nærings- og kulturavdelinga, og fylkesrådmannen vil vurdere om det er behov for bistand til plansjefen med nemnde oppgåver (jf. del 3, fylkesdirektør for næring og kultur, pkt. 9).

Fylkesrådmannen legg til grunn at den samla økonomi- og personalforvaltninga for FRM-stab også skal gjelde etter overføringa av planressursar til staben. Dette inneber at FRM får ei noko utvida portefølje på økonomi- og personalsida etter at organisasjonsendringa trer i kraft.

Personalsjef

Hovudressursen knytt til personal- og arbeidsgjevarepolitikk, lønsforhandlingar og HMT-arbeidet vil også frå 01.04.16 liggje til fylkesrådmannen sin stab, men med rapportering til assisterande fylkesrådmann. Arbeidet vert leia av personalsjef, som gjev faglege råd og vurderingar i personal-spørsmål. Personalstaben medverkar i tilrettelegging for ulike politiske organ i saker som naturleg følgjer av eininga sine oppgåver, og har sekretariatsfunksjonen for Hovudsamarbeidsutvalet (HSU).

Personalforvaltninga innan opplæringssektoren vert styrkt ved at fylkesdirektør for opplæring set av to medarbeidarar til arbeidsfeltet. Fylkesdirektør for opplæring utarbeider HR-strategiar retta mot vidaregåande opplæring innanfor rammene som er lagt frå fylkesrådmannen sin personalstab.

Det vert utarbeidd ei ansvars- og arbeidsdeling mellom fylkesrådmannen sin stab og fylkesdirektøren for opplæring på personalforvaltningsområdet (handtering av personalsaker, drøftingsfullmakter m.m.).

Juridisk sjef

Juridisk sjef vil også i framtida liggje til fylkesrådmannen sin stab. Juridisk sjef har ein koordineringsfunksjon for juristane i organisasjonen, i tillegg til å vere ein nær støttespelar for

¹ Internasjonalt arbeid vert frå 01.04.2016 samordna frå fylkesdirektøren for opplæring. Det vil her vidare vere naturleg å vurdere den organisatoriske plasseringa for internasjonalt arbeid i høve FRM/plansjef sitt overordna planansvar.

fylkesrådmannen og leiinga. Sakshandsaming, kvalitetskontroll av utkast til vedtak, saksoppfølging og rådgjeving er sentrale ansvarsområde. Juridisk rådgjeving skal bidra med, bygge og utvikle, juridisk kompetanse i avdelingane, t.d. ved anbudsutlysingar, kontraktsoppfølging, personal-forvaltning og innkjøp m.m.

Informasjonssjef

Informasjonssjef vert også i framtida lagt til FRM-stab, med rapportering til assisterande fylkesrådmann frå 01.04.16. Det vil framleis vere viktig med god informasjonsflyt frå strategisk nivå for å sikre rett og god kommunikasjon, både internt i organisasjonen og eksternt.

Informasjonsflyt mellom strategisk nivå og informasjonssjefen har høg prioritet:

- Fylkesdirektørane og leiarar for tenesteeiningane har ansvar for å kalle informasjonssjef inn til møte der dette er relevant for informasjonsarbeidet, ved intern og ekstern kommunikasjon.
- Fagredaktørane er informasjonssjef sine hovudkontaktar i avdelingane og tenesteeiningane, og informasjonstenesta møter på sektorane sine avdelingsmøte der det er relevante saker.

IKT-sjef

IKT-sjef vil også etter 01.04.16 ha den daglege administrative og faglege leiinga av IKT-tenesta. Tenesta arbeider etter arbeidsgrunnlaget for tenesta som fylkesrådmannen gjev gjennom årlege oppdragsbrev, og IKT-sjef gjev faglege råd og vurderingar til fylkesrådmannen i IKT-spørsmål.

I samband med utgreiingsarbeidet «SFJ 2019» vert det sett nærare på arbeidsdelinga mellom IKT-tenesta og dei vidaregåande skulane. Utgreiinga vurderer også den interne organiseringa i IKT-tenesta. IKT-utgreiinga vil kunne påverke den konkrete utforminga av organisering og arbeids-deling på fagområdet. Fylkesrådmannen vil avklare dette nærare.

Bygge- og eigedomssjef

Bygge- og eigedomssjef vil også etter 01.04.16 ha den daglege administrative og faglege leiinga av all bygge- og eigedomsforvaltning. Bygge- og eigedomstenesta er definert som leverandør av tenester knytt til eigarfunksjonen, noko som omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, utvikling og service og å skaffe naudsynte bygg og eigedomar til fylkeskommunen sine aktivitetar. Bygge- og eigedomssjef gjev faglege råd til fylkesrådmannen og institusjonane, og representerer fylkesrådmannen overfor samarbeidspartar, interesseorganisasjonar og brukarar.

Frå 01.01.15 vart heile bygge- og eigedomsforvaltninga samla under bygge- og eigedomssjef. Organisasjonsendringa innebar at all driftsteknisk teneste i organisasjonen rapporterer til bygge- og eigedomssjef i sentraladministrasjonen. Innanfor omstillingsprosjektet «SFJ 2019» vert det arbeid med to sektorovergripande utgreiingar knytt til reinhaldartenesta og alt driftsteknisk personale. Både vil kunne påverke endelege samhandlingsrutinar og arbeidsdeling her.

Driftssjef

Driftssjef vil også etter 01.04.16 ha den daglege administrative og faglege leiinga av driftstenesta. Tenesta skal bidra til kompetanseheving i heile organisasjonen (opplæring, informasjon) innan sine ansvarsområde, og yter tenester til den fylkeskommunale forvaltninga, Fylkeshuset og tilsette i sentraladministrasjonen med kontorstad andre stader i fylket. Innanfor «SFJ 2019» vert det vinteren 2016 arbeid med ei utgreiing knytt til reinhaldartenesta.

3. Roller og ansvar for fylkesdirektørane

Fylkesrådmannen har, etter at det organisatoriske rammeverket vart fastlagt 22.10.15, utarbeidd følgjande ramme for ansvars- og arbeidsdelinga for fylkesdirektørane. Denne dannar utgangspunktet for vidare avklaringar av oppgåveportefølje og organisering for den enkelte sektor.

Oppgåve- og ansvarsdelinga mellom fylkesdirektørane skal vere slik at vi unngår dobbeltarbeid mellom fagmiljø. Fylkesrådmannen legg opp til at vi gjennomfører ei samla revidering og

konkretisering av ansvarsdelinga i lineorganisasjonen. Revidert delegeringsreglement, som kjem til fylkestinget i juni 2016, og påfølgjande administrative reglement, vil konkretisere fylkesdirektørane sine ansvarsområde ytterlegare.

Fylkesdirektøren for opplæring

Fylkesdirektøren har det administrative ansvaret for at ungdom og vaksne får ei kvalitativt god vidaregåande opplæring som fører fram til studiekompetanse, fag-/sveinebrev eller annan fagkompetanse. Opplæringa skal skje i samsvar med gjeldande lover med forskrifter og læreplanar og skal ivareta skuleeigarrolla gjennom å:

- Sikre eit kvalitativt godt opplæringstilbod.
- Styre gjennom strategiar, planar og dokumentasjon for å sikre ei heilskapleg vidaregåande opplæring.
- Sikre rett kompetanse gjennom rekruttering og stabilisering.
- Arbeide med kvalitetsutvikling i heile grunnopplæringa.

Fylkesdirektøren har ansvaret for at det fylkeskommunale opplæringstilbodet er tilpassa den einskilde eleven og lærlingen sine behov/interesser samt næringslivet sitt behov for kompetanse.

Eit likeverdig og forpliktande samarbeid mellom skule og arbeidsliv vil her vere eit viktig verkemiddel. Fylkesdirektøren skal synleggjere vidaregåande opplæring som eit viktig regionalpolitisk verkemiddel i høve kompetanseheving, næringsutvikling og eit godt liv. For å ivareta fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør, skal fylkesdirektøren leggje til rette for eit tettare og meir formalisert samarbeid med det lokale nivået og næringslivet.

Arbeidsoppgåvene til fylkesdirektøren for opplæring er mellom anna knytt til:

- Skuleoverskridande drifts- og utviklingsoppgåver
- Inntak av elevar
- Eksamen og dokumentasjon (inkl. privatisteksamen)
- Vaksenopplæring
- Opplæring i bedrift
- Fagskulen i Sogn og Fjordane²

Fylkesdirektøren for samferdsle

Fylkesdirektøren arbeider for at innbyggjarane og næringslivet i fylket har eit godt og føreseieleg transport- og kommunikasjonstilbod med sikker framkome der tryggleik og miljø er vektlagt.

Fylkesdirektøren har ansvaret for:

- Kollektivtransport
 - Ruteplanlegging og rutegåande transport
 - Skuleskyss
 - Transporttenester for funksjonshemma
 - Transportløyve
 - Transportplanlegging
 - Ungdomsretta tiltak
- Fylkesvegar
 - Drift og vedlikehald av vegar
 - Investeringar for fylkesvegar
 - Rassikring
 - Trafikktryggleik
- Beredskap
 - Transportberedskap

² Organisatorisk plassering for dette ansvarsområdet vert vurdert nærare innan 01.01.2017.

- Påverknadsområde
 - Nasjonal transportplan m/handlingsprogram
 - Riksvegnettet/budsjett
 - Hamner og farleier
 - Luftfart

Gjeldande delegeringsreglement med vidaredelegering frå fylkesrådmannen gjev fylkesdirektøren ansvaret for oppgåver knytt til lover med forskrifter. Innanfor ansvarsområdet fylkesveggar skal fylkesdirektøren ivareta eigaransvar og eigarstyring. Statens vegvesen har eit vegfagleg ansvar på fylkesvegnettet på vegne av fylkeskommunen. Sidan SVV tener både stat og fylkeskommune, blir dette kalla "sams vegadministrasjon". Samferdsla er sentral i den regionale utviklarrolla.

Fylkesdirektøren for næring og kultur

Fylkesdirektøren for næring og kultur støttar, utviklar og utfordrar næringslivet og kulturlivet i Sogn og Fjordane. Målet er å utvikle eit godt og variert næringsliv og kulturtilbod for heile fylket. Dette ved å mellom anna:

- Leggje til rette for næringsutvikling, auka sysselsetting og regionalt samarbeid
- Initiere og drifte nettverksarbeid i næringslivet og i kunnskapsmiljøa
- Ha ansvaret for omstillingskommunane
- Forvalte midlane til kommunale næringsfond
- Leggje til rette for det bedriftsretta arbeidet som skjer gjennom Innovasjon Norge
- Forvalte ressursgrunlaget knytt til akvakultur og oppgåvene fylkeskommunen har innan jakt- og fiskeforvaltning
- Leie vassregionforvaltninga
- Ha sekretariatsfunksjonen for Regionalt forskingsfond (RFF)
- Administrere og handsame kompensasjonsmidlane (INU FSF)

Kultur er eit viktig element i fylkeskommunen si regionale utviklarrolle, m.a. som basis for regional og lokal identitet og forankring. Kultur gir grunnlag for demokrati, sosiale fellesskap og møteplassar, og utviklar den enkelte innbyggjar sitt engasjement, trivsel og evne til kritisk refleksjon. Målet er å utvikle eit variert og mangfaldig kulturliv. Dette ved m.a. å arbeide for å:

- Vere ein samarbeidspart som gjennom råd og rettleiing stiller kultur- og kulturminnefagleg kompetanse til disposisjon til kommunar, institusjonar, private, lag og organisasjonar
- Forvalte økonomiske verkemiddel frå fylkeskommune og stat til drift og utvikling av kulturlivet
- Medverke til å utvikle regionale kulturminneverdiar
- Forvalte automatisk freda kulturminne, freda bygg og verdsarv
- Bidra til ei aktiv utvikling av fylkesarkiv og museumsdrift i fylket
- Bidra til ei framtidsretta bibliotekutvikling i fylket
- Støtte opp om og stimulere frivillig arbeid
- Stimulere deltaking innan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- Sikre gode rammevilkår for kunst- og kulturproduksjon
- Sikre ei aktiv og god kulturformidling, t.d. gjennom den kulturelle skulesekken
- Stimulere tiltak som legg til rette for møteplassar, deltaking og inkludering
- Samordne det operative folkehelsearbeidet
- Halde sekretariatsfunksjon for Ungdommens fylkesting/ungdomspolitisk utval

Ansvarsdeling mellom fylkesdirektøren og FRM/plansjef

Fylkesrådmannen legg med bakgrunn i målsettinga om ei tydeleg arbeidsdeling i organisasjonen, samordning og effektivitet følgjande forvaltningsoppgåver til fylkesdirektøren for næring og kultur:

1. Forvaltningsplan for vassressursane. Dette utgjer frå 01.04.2016 tre stillingsressursar.
2. Forvaltningsplanlegging som omfattar operativ deltaking.³

³ T.d. Regional plan for Nordfjella og Regional plan for Ottadalen.

3. Ansvaret knytt til vilt- og fiskeforvaltning.
4. Ansvar for fråsegner til konsesjonssøknader for kraftutbygging.⁴
5. Folkehelsearbeid definert som arbeid retta mot levekår og livskvalitet: Fylkesdirektør for næring og kultur får ansvaret for samordning av alt operativt folkehelsearbeid retta mot tannhelse, vidaregåande opplæring og samferdsle. Fylkesdirektøren knyter til seg ressursar og kompetanse i organisasjonen etter behov. Det vert frå 1.04.16 overført ein stillingsressurs frå dagens PSA. For å ivareta rettleiarrolla inn mot samfunnsdelen i kommuneplanlegginga, nyttar FRM/plansjef noko folkehelsekompetanse i organisasjonen.
6. Porteføljen av strategisk og operativt retta FoU-arbeid vert fordelt mellom FRM/plansjef og fylkesdirektør for næring og kultur, med utgangspunkt i kva som er naturleg ut frå rolle og ansvarsområde elles. Overordna vurderingar kring FoU-satsingar ligg primært til FRM/plansjef, medan satsinga på FoU som verkemiddel generelt ligg til fylkesdirektør for næring og kultur.
7. Fylkesdirektøren for næring og kultur har ansvaret for forvaltning av, og operativt arbeid knytt til, avtaleoppfølging og støtte til enkeltorganisasjonar og kommunar. NKA forvaltar midlar til organisasjonar si sjølvstendige drift og utvikling, og ulike utviklingsprosjekt knytt til desse.
8. Rettleiing og oppfølging av kommunale detaljplanar: Dette inneber at ansvaret som nærings- og kulturavdelingane har i dag vert supplert med kommunale detaljplanar som PSA har i dag.
9. Etter 01.01.2017 vil fylkesrådmannen vurdere om fylkesdirektøren for næring og kultur, etter nærare avtale, skal bistå FRM-plansjef med ressursar for handtering av utviklingsavtalar med organisasjonar, med kommunane, regionråda, Distriktsenteret, HiSF/VF, Helse Førde, NAV, Fylkesmannen m.m. (jamfør del 2, plansjef).

4. Fylkesrådmannen si leiargruppe

Leiargruppa er ikkje eit lovpålagt organ med avgjerdsmynde, men eit rådgjevande organ som fylkesrådmannen set saman og nyttar slik han finn det tenleg. Frå 1.04.16 vil fylkesrådmannen si leiargruppe vere samansett av følgjande leiarar som rapporterer direkte til han:

- Fylkesrådmannen
- Assisterande fylkesrådmann
- Økonomisjef
- Plansjef
- Fylkesdirektørane (3)

I tillegg møter informasjonssjef med ansvar for referat frå leiarmøta og annan tekstproduksjon for portalen, heimesida og/eller media knytt til sakene som er oppe til handsaming.

Fylkesrådmannen legg opp til ei møteform der andre leiarar enn dei som er nemnde over, samt sakshandsamarar, møter frå sak til sak. Ass. fylkesrådmann har ansvar for innkalling og sakliste.

5. Tverrsektoriell samhandling

Fylkesrådmannen ser det som eit mål å styrkje det tverrfaglege samarbeidet når oppgåveløysinga tilseier dette. Tverrfagleg samarbeid er eit middel for å løyse komplekse oppgåver vi står overfor som krev fleire typar kompetanse.

Fag- og arbeidsgrupper

Fag- og arbeidsgrupper på tvers i organisasjonen skal som hovudregel ha ein koordinerande ressurs oppnemnd av fylkesrådmannen, og arbeidet bør prioriterast i avdelingane slik at fag-

⁴ Organisatorisk plassering for dette ansvarsområdet vert vurdert nærare innan 01.01.2017.

gruppene får sektorbidraga dei treng. Gruppene skal ha sitt utgangspunkt i ein overordna strategi, og byggje arbeidet på operative handlingsplanar som er forankra i leiargruppa.

Vi vil frå 1.04.16 ha følgjande faste tverrsektorielle arbeidsgrupper i sentraladministrasjonen:

- Budsjettpgruppa er etablert som ein fast samhandlings- og koordineringsarena for økonomi-arbeidet i fylkeskommunen. Gruppa støttar opp om eit sentralt lineansvar, og er ein prioritert arena for alle einingar å bidra inn mot. Budsjettpgruppa held fram som i dag.
- Arbeidsgruppe for Vestlandsrådet koordinerer innspel til sekretariatet for rådet. Her må det påreknast noko meir aktivitet frå 01.01.2017, då Sogn og Fjordane fylkeskommune overtek sekretariatsansvaret. Fylkesrådmannen sitt kontaktpunkt for VR koordinerer arbeidet i gruppa.
- Informasjonsgruppa støttar opp om eit sentralt lineansvar knytt til informasjon og openheit. Informasjonssjefen er ansvarleg for å koordinere arbeidet, og avdelingane sine NK-ar (assisterande) er faste bidragsytarar.
- Arbeidsgruppe for klima og miljø arbeider i noka grad med oppgåver som ligg ute på dei vidaregåande skulane. Gruppa vert vurdert nærare.
- Ei arbeidsgruppe knytt til fylkeskommunen sitt planarbeid vert vurdert oppretta. Gruppa får m.a. i oppgåve å koordinere og strukturere alt arbeid innanfor regional planlegging og analyse. Fylkesrådmannen vil vurdere behovet for at gruppa sitt ev. arbeid inn mot planforum.

Organisasjonsutviklingsarbeidet vidare vil vise kva for konkrete behov vi har for tverrsektorielle arbeidsgrupper i sentraladministrasjonen.

Målretta prosjektstyring

Prosjektarbeid er kjenneteikna av at vi skal gjere ein innsats for å oppnå eit definert mål, som oftast innanfor ei planlagd tids- og ressursramme. Fylkesrådmannen legg opp til ei meir dynamisk og fleksibel tilnærming til å opprette prosjekt på tvers av einingar i organisasjonen. Vi bør samstundes vere kritiske til når vi nyttar prosjektformaliseringa (jf. FRM sitt forvaltningsrevisjonsarbeid for ei meir målretta prosjektstyring hausten 2015). Fylkesrådmannen og FRM/ leiargruppa opp-rettar prosjekt på tvers i organisasjonen, og er gjerne sjølv styringsgruppe der dette er føremålstenleg (jf. forankringselementet).

Det vert lagt opp til at alle einingar som er berørte av organisasjonsendringa vurderer behovet for eigne planar for organisering og samhandling internt og mot andre einingar.

Det vart, i høve dette skrivet, gjennomført drøftingsmøte etter hovudavtalen §1-4-1 med dei tillitsvalde 11.02.16.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Mottakar(ar):

Leiarar og tilsette i sentraladministrasjonen

Kopi til:

Dei plasstillitsvalde i sentraladministrasjonen
Hovudtillitsvalde i Sogn og Fjordane fylkeskommune